Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 23.11.2020
Vår ref: 2019/23111
Dykkar dato: 04.11.2019
Dykkar ref:

Likelydande brev til:

Steinvik Rensefisk AS

Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon
Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

Svar på søknad frå Steinvik Rensefisk AS om endringa av art på lokaliteten Breivika Ø i Bremanger kommune

Endring av art til å gjelde berggylt i produksjonen vil ikkje utgjere noko nemneverdig endring på forureiningssituasjonen. Etter avtale med søkjar har Fylkesmannen nytta høvet til å slå saman utsleppsløyva for Breivika V og Breivika Ø. Steinvik Rensefisk AS får nytt løyve til forureining frå ein samla årleg biomasseproduksjon på 550 tonn av oppdrettsfisk på lokalitetane Breivika V og Breivika Ø i Bremanger kommune.

Utsleppa til sjø må følgjast opp med årleg rapportering av utsleppsmengder og overvaking av verknaden på resipienten med eit overvakingsprogram.

Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16 og erstattar eldre løyve.

Vi viser til søknad frå Steinvik Rensefisk AS av 04.11.2019 som vart oversendt frå Vestland fylkeskommune 10.12.2019, med ettersending av kommunal fråsegn den 07.02.2020. Søknaden er komplettert med utfyllande informasjon om utsleppsmengder som vi mottok den 12.10.2020.

Fylkesmannen i Vestland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Eldre utsleppsløyve for lokalitet Breivika V datert 21.06.2007 og lokalitet Breivika Ø datert 14.07.2017 er oppheva.

Løyvet er ikkje gyldig før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Fylkesmannen har lagt vekt på ulempene for miljøet ved tiltaket og vurdert desse opp mot andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som blir rekna for å ha størst påverknad på miljøet, har vi uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagde i samband med sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som står nemnd i vassforskrifta[1] vedlegg VIII

[1] Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446

E-postadresse: fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding: www.fylkesmannen.no/melding
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Besøksadresse: Njøsavegen 2, Leikanger; Statens hus, Kaigaten 9, Bergen; Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665

C og D nr. 2, andre EU-utvalde og vassregionspesifikke stoff[2]. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast med heimel i forureiningslova § 18.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje verksemda frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å rette seg etter forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnde i løyvet.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbare.

Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter natur-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Bakgrunn

Steinvik Settefisk AS fekk i 2017 løyve til produksjon av settefisk av laks, aure og regnbogeaure med ein samla årleg biomasseproduksjon på 500 tonn på lokaliteten Breivika Ø. Steinvik Rensefisk AS har eit utsleppsløyve frå nabolokaliteten Breivika V som gjeld samla årleg biomasseproduksjon på 50 tonn torskeyngel og rognkjeks. Steinvik Settefisk AS og Steinvik Rensefisk AS tilhøyrer Steinvik Gruppen AS. Det er Steinvik Rensefisk AS som no skal stå ansvarleg for den vidare drifta på både Breivika V og Breivika Ø.

Søknaden

Steinvik Rensefisk AS søker om å få endre oppdrettsart ved lokaliteten Breivika Ø til også å gjelde arten berggylte (*Labrus bergylta*). Det er søkt om ein produksjon på 5 000 000 settefisk av berggylt per år og skal inngå i det eksisterande løyvet på 500 tonn total årleg produksjon. Produksjonen skal skje i nytt anlegg som er under utbygging på lokaliteten.

Samla tak for årleg produksjon på lokalitetane Breivika V og Breivika Ø blir 550 tonn. Det er stipulert eit samla fôrforbruk på 400 tonn årleg, og ein samla produksjon for dei to anlegga på 320 tonn. Steinvik Rensefisk AS estimere at ca. 22 % av fôrmengda vil reinsast ut som partiklar i fôrrestar og feces (>80 µm), medan 53 % av fôrmengda går til resipient som oppløyste stoff og mindre partiklar (<80 µm). Anlegga skal dele reinsesystem og utsleppspunkt. Det er planlagd årleg produksjon av 3 000 000 rognkjeks, 200 000 laksesmolt og 2 000 000 berggylte, med fôrfaktor på 0,8, 0,9 og 1,3 i same rekkefølgje.

[2] Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassifisering av vann, sediment og biota

Søkjar understrekar at desse tala er teoretiske, og vil sannsynlegvis måtte endrast på når praktisk erfaring ligg til stades. Dei førespeglar ei fleksibel oppdrettsdrift der dei vil ha rom for variasjon i kva art og biomasseproduksjon som vert produsert i dei to anlegga.

Breivika V og Breivika Ø skal etter informasjon frå den nye søknaden dele utsleppspunkt. Sidan Fylkesmannen i Vestland skal vurdere den samla belastninga i resipienten, nyttar vi høvet til å slå saman utsleppsløyva for dei to lokalitetane.

Det er komen inn ny informasjon om estimert produksjonsmengd, utsleppsmengder og miljøtilstand i resipientgranskingar som vil vera relevant i arbeidet med nytt utsleppsløyve. Elles syner vi til vurderingane som vart gjort i forbindelse med søknadsarbeidet i 2007 og 2017.

Tilhøvet til plan og merknader frå offentleg høyring

Tiltaket er i samsvar med godkjend reguleringsplan vedteke i kommunestyret 28.02.2019.

Bremanger kommune har hatt søknaden ute til offentleg høyring i perioden 20.12.2019 – 24.01.2019. Det kom ikkje inn merknader frå ålmenta til søknaden.

Sjøområdet som resipient og miljøeffektar av utsleppet

Lokalitetane Breivika V og Breivika Ø har vassførekomsten Nordgulen (Vann-Nett-ID 0282010400-C) som resipient. Vassførekomsten er i Vann-Nett karakterisert som ferskvasspåverka beskytta fjord. Nordgulen er ein terskla fjord med redusert vassutskifting, og er registrert med moderat opphaldstid for botnvatn. Den kan delast opp i tre delar; vågen, indre basseng og ytre basseng. Registrerte påverknader i området er i hovudsak utslepp frå Elkem sitt smelteverk og punktutslepp frå ureinsa kommunale avløpsanlegg. Indre delar av Nordgulen er ein historisk hardt belasta resipient, men har den siste tida vist teikn til forbetring. Området er sett i risiko for at miljømåla etter vassforskrifta ikkje vert oppnådde i første planfase (2016-2021), på grunn av tidlegare utslepp til miljøet frå industrien, i hovudsak miljøgifter og tungmetall.



Figur 2: *Oversikt over området ved utsleppspunktet og stasjonar for miljøkartlegging av sediment (raude prikkar), b-granskingar (blå prikkar) og andre sedimentanalysar (blå ringar). Utsleppsleidning er vist med raud strek.*

Utdrag frå vurderinga vår frå søknadsarbeidet i 2017 som gjaldt løyve til utslepp frå settefiskproduksjon på lokaliteten Breivika Ø for 500 tonn årleg produksjon:

«Miljøgranskingane som er gjort i Nordgulen viser samla sett ei sakte forbetring over tid, i takt med strengare krav til industriutsleppa i fjorden. Tilstanden er likevel ikkje god nok, og området vil ikkje samla sett oppnå miljømål om god miljøtilstand på kort sikt. Hovudproblemet er for høge nivå av miljøgifter, men det er også teikn til organisk belastning. Det er difor viktig at settefiskanlegget sine utslepp vert godt reinsa, og sleppt ut på eigna stad i fjorden. Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at vedtekne miljømål for vassførekomsten ikkje let seg gjere å oppnå, eller at miljøtilstanden vert ytterlegare redusert, jf. vassforskrifta. Vi reknar ikkje med at dei organiske utsleppa som anlegget vil ha, skal gje irreversible verknader i miljøet på kort sikt, sjølv om det blir gitt løyve til å etablere den omsøkte settefiskproduksjonen. Men ettersom det også er planar om å søke om å etablere eit monaleg stort påvekstanlegg her på eit seinare tidspunkt, vil det vere viktig å overvake den samla organiske påverknaden i utsleppsområdet.»

Elkem AS Bremanger har i fleire tiår overvaka Nordgulen med resipientgranskingar. Den siste rapporten frå 2017[3] syner at botnen er sterkt påverka av miljøgifter i gruppa PAH og TBT, samt tungmetalla arsen, kopar, jern og krom. Det er teikn til at indre del av resipienten har dårleg vassutskifting og det kan oppstå periodar med oksygennivå ned mot 2,5 ml/l som svarar til tilstandsklasse IV – dårleg. Det er ikkje registrert oksygenmålingar ved utsleppspunktet.

I den same rapporten syner prøvane tekne i indre del av Nordgulen at konsentrasjonen av organisk karbon på tre av fire stasjonar svarar til tilstandsklase V – svært dårleg. Heile indre del av Nordgulen er organisk belasta. Desse resultata ser vi også att i prøvar teke av blautbotnfauna. I vågen ved utsleppspunktet til Elkem AS er blautbotnen prega av forureiningstolerante artar, og får tilstandsklasse V – svært dårleg. Breivika V og Ø skal ha utslepp til indre del av Nordgulen, som syner noko større artsmangfald med preg av sensitive artar og får tilstandsklasse III – moderat. Utover i resipienten vert effektane på blautbotnfauna mindre synlege, og tilstandsklassen held seg på II – god.

Målingar av miljøgifter, tungmetall, oksygen, organisk belastning og botnfauna har vore stabile sidan 2003-2005, då det i denne perioden var det teikn til ei viss forbetring i resipienten. Det er likevel tydeleg at resipienten er tungt påverka av utsleppa og avrenning frå Elkem AS, kommunalt avløp og jordbruk. Indre del av Nordgulen har kjemiske, biologiske, hydrologiske og fysiske utfordringar. Den er påverka av miljøgifter og tungmetall, og har periodevis svært dårleg vassutskifting på botnen. Resipienten vil på så måte vere meir sensitiv akkumulering av organisk materiale frå utsleppet til Breivika V og Breivika Ø.

Dei utsleppa til vatn som eit anlegg har, må kunne omsetjast av naturen etter kvart for å ikkje overbelaste miljøet. Akvakulturanlegg er difor pålagt jamleg miljøovervaking for å dokumentere utviklinga i resipienten.

Det er lagt ved rapport frå miljøkartlegging av sediment frå 2017[4] i søknaden. Denne rapporten vart skrive for å risikovurdere spreiing av overflatesediment ved utfyllingsprosjektet til Breivika Eigedom AS. Det er teke prøvar ved seks stasjonar (figur 2). Resultat frå kjemiske analyser syner at alle stasjonane har konsentrasjonar av ein eller fleire miljøgifter som er høgare enn tilstandsklasse III. Desse gruppene består av diverse PAH, PCB-7, tungmetall (arsen og sink) og TBT.

---

[3] DNV GL AS. *Miljøovervåking i Nordgulen 2017*. Rapportnr. 2017-1038 (2018)

[4] Norconsult AS. *Breivika Miljøkartlegging av sediment*. Oppdragsnr. 5165540 (2017)

Resultat frå miljøgranskingar gjort etter B-standard er lite eigna som kunnskapsgrunnlag for kva påverknad utsleppet frå landbasert anlegg har på resipienten. B-granskingar er utvikla for å syne eit grovt bilete av det organiske avtrykket under opne anlegg i sjø. Alle stasjonar teke ved Breivika syner «god-svært god» tilstand.

Naturverdiar og friluftsliv

Dette er eit landbasert anlegg plassert på eit område sett av til industri i arealdelen av kommuneplanen og regulert gjennom detaljreguleringsplan. Anlegget vil vere godt sikra mot rømming og skal vere utan lakselus. Mogleg påverknad på vill laksefisk blir vurdert til å vere liten.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Vi har nytta det samla naturfaglege kunnskaps- og erfaringsgrunnlaget som Fylkesmannen disponerer ved vurderinga av søknaden.

Det er registrert eit ålegrassamfunn[5] ca. 200 meter søraust for utsleppspunktet. Lokal gjødsling og tilrettelegging for opportunistiske artar kan vere skadeleg for slike førekomstar. Denne ålegrasførekomsten ligg bak ein molo inne i ei småbåthamn, og er nok ikkje direkte utsett for nedslamming frå utslepp frå anlegget, men kan indirekte bli påverka av gjødslingseffektar.

Det er ingen andre registreringar som vil kunne kome i konflikt med eit landbasert oppdrettsanlegg. Samstundes er kunnskapen om naturmangfaldet i våre marine økosystem avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder.

Verknaden på resipienten av utsleppa av næringssalt og organisk materiale til Nordgulen blir vurdert som å vere innafor akseptgrensene.

Utsleppsmengder

Utsleppa frå akvakulturproduksjon er i hovudsak oppløyste næringssalt og partiklar av organisk materiale, og utsleppsmengdene er ei følgje av mengd fôr som vert nytta. Eit overslag over samla brutto produksjon av avfallsstoff (ikkje medrekna ev. reinsing), omtalt som brutto utslepp, kan reknast ut basert på innhald av nitrogen, fosfor og karbon i fôret, med fråtrekk av mengda i fisken som er produsert. Fôrfaktoren (forholdet mellom kor mykje fôr som går med til å produsere ei viss mengd fisk) har stor påverknad på mengdene, ettersom overskotsfôret (ikkje ete eller ufordøyd) går i avløpsvatnet.

Netto utslepp til miljøet vil vere differansen mellom bruttoutsleppet og det som er fjerna med utleppsreduserande tiltak. Tradisjonelt har reinsetiltaka i landbaserte anlegg vore ulike former for sedimentering eller filtrering som fjernar partiklar frå avløpet, og såleis samlar opp fôrrestar og fekaliar som slam. Reinsinga i nyare anlegg kan også inkludere ulike typar biofilter, fosforfelling, denitrifikasjon m.m. Bruk av enkelte utsleppsreduserande teknikkar kan teoretisk sett gjere at ein større del av utsleppa av nitrogen og karbon går til luft i staden for vatn. Uansett vil alt fôr som ikkje blir til fisk eller slam, bli til utslepp til miljøet.

Spesifikt utslepp, dvs. utslepp av nitrogen, fosfor og karbon per tonn fisk som er produsert, vert påverka av driftsform og kva for utsleppsreduserande teknikkar som vert nytta.

[5] https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00105287

Det blir bygd eit nytt gjennomstrøymingsanlegg på lokaliteten Breivika Ø. Prosessvatnet frå dagens anlegg på lokaliteten Breivika V skal reinsast i det nye anlegget. Det er førespegla i søkjar sin utsleppsmodell at 1 tonn fôr produserer 220 kg slam og 530 kg oppløyste stoff. Reinsemetoden vil bestå av trommelfilter på 80 µm levert og drifta av Sterner, og skal kunne reinse ut ca. 70 % av partiklane i slammet. Reinsemetodane nyttar ikkje kjemiske eller biologiske prosessar som fører til at organiske materiale blir brote ned til uorganiske stoff eller stoff som gir utslepp til luft. Det inneber at utsleppsreduserande tiltak kan målast i mengd slam som blir samla når ein kjenner samansetninga av slammet. Ein må kjenne tørrstoffinnhaldet i slammet og innhaldet av N, P og TOC i tørrstoffet. Nitrogenutsleppa vil i stor grad vere på oppløyst form, medan fosforet og karbonet i større grad er bunde til partiklar.

Fylkesmannen har samla erfaringsdata frå settefisk- og postsmoltanlegg i Vestland dei siste åra, jf. figur 1. Vi ser at mengda oppsamla slam og reinsegrad (prosentvis reduksjon av avfallsstoff før utslepp til sjø) for det enkelte anlegget er tett kopla mot fôrfaktoren. I anlegg med låg fôrfaktor, blir det, relativt sett, samla lite slam. Følgeleg er reinsegraden, eller utsleppsreduksjonen, lågare med lågare fôrfaktor. Desse anlegga reduserer nitrogenutsleppa med 3-5 %. Reinseeffekten på fosfor er høgare, då fosfor i større grad blir bunde partikulært. Anlegg med høgare fôrfaktor oppnår ein høgare og tilsynelatande «betre» reinsegrad. Dette skuldast i praksis berre auka mengd overskotsfôr i det oppsamla slammet, men gir samstundes og større spesifikke utslepp per tonn fisk produsert.



Figur 1: *Rapporterte data frå 30 anlegg syner samanhengen mellom fôrfaktor, brutto(blått) utslepp og netto utslepp (raudt).*

Etter utrekningar gjort av søkjar vil det samla fôrforbruket på 400 tonn årleg resultere i eit utslepp på ca. 15,4 tonn nitrogen (tot – N), ca. 3,1 tonn fosfor (tot - P) og 113,5 tonn organisk karbon (TOC), dette er medrekna oppløyste stoff og partiklar under 80 µm. Omkring halvparten av oppløyst TOC vil gå vekk til respirasjon.

Ei avrunda utrekning av mengd næringssalt som går til vatn via avløp frå Steinvik Rensefisk AS sine anlegg i Breivika (tal henta frå søknaden):

Utslepp ved fôrforbruk på 400 tonn/år	Nitrogen (tot-N)	Fosfor (tot-P)	Karbon (TOC)
Samla utslepp i tonn/år	15,4	3,1	56,8*

* Vi tek høgde for at ca. halvparten av oppløyst TOC respirer til luft som CO_2.

Søknaden oppgir at det årleg skal produserast 3 000 000 rognkjeks, 200 000 laksesmolt og 2 000 000 berggylte, med fôrfaktor på 0,8, 0,9 og 1,3 i same rekkefølgje. Ein kan ut frå desse tala rekne med ein årleg total produksjon av ca. 430 tonn biomasse. Søknad om utsleppsløyve for gjevne mengder nitrogen, fosfor og TOC kan reknast om til spesifikke utslepp, dvs. utslepp av nemnde einingar pr tonn fisk som blir produsert (tal rekna ut av Fylkesmannen):

Spesifikt utslepp til Nordgulen	Nitrogen (tot-N)	Fosfor (tot-P)	Karbon (TOC)
Spesifikke utslepp pr tonn produsert fisk	36,0	7,2	132,8

Frå tidlegare løyve er det oppgitt ein årleg produksjon på 500 tonn i Breivika Ø og 50 tonn i Breivika V. Ved maksimal produksjon vil anlegga årleg sleppe ut til Nordgulen (tal rekna ut av Fylkesmannen):

Utslepp ved produksjon på 550 tonn/år	Nitrogen (tot-N)	Fosfor (tot-P)	Karbon (TOC)
Samla utslepp i tonn/år	19,8	4,0	73,0

Det er dei spesifikke utsleppa til vatn som er det viktigaste målet for kor store utslepp det er frå produksjonen. Fylkesmannen definerer ramma for utsleppsløyvet ut frå dei spesifikke utsleppa berekna i søknaden.

Vi ser at føresetnadane i søknaden er i samsvar med faktiske erfaringsdata vi har fått frå andre landbaserte anlegg. Dei lågaste spesifikke utsleppa for nitrogen er i vårt materiale like under 30 kg per tonn produsert fisk.

Vi har som mål at det skal lagast standardgrenser for spesifikke utslepp av N, P og TOC i utsleppsløyvet. Dette arbeidet er ikkje fullført, slik at dei grensene som er oppgitte i dette utsleppsløyvet er førebelse. Like fullt gjeld prinsippet om å til ei kvar tid nytte beste tilgjengelege teknikkar, og prøve å halde utsleppsmengdene lågast mogleg.

Utsleppsreduserande tiltak

Det er sett krav om utsleppsreduksjon. Fylkesmannen sitt vedtak skal vere teknologinøytralt. Praksis hjå Fylkesmannen har vore å gje løyve til dei utsleppsmengdene det er søkt om, sjølv om vi har vurdert lovnaden om utsleppsreduksjon som urealistisk.

I tidlegare løyve har ein nytta krava som er sette til avløpsanlegg i forureiningsforskrifta §§ 13 og 14. Der blir de sett krav om prosentvis reduksjon av partikulært materiale. Kravet har vore definert som 50 eller 70 % reduksjon av SS (partikulært materiale). Det har synt seg å vere svært vanskeleg å dokumentere at desse vilkåret blir halde, og eit slikt krav gjer det heller ikkje mogleg å konkretisere utsleppsreduksjonen. Eit slikt krav i utsleppsløyvet set heller ikkje ramme for det samla utsleppet. Mengd partikulært materiale har samanheng med fôrfaktor. Men det er ei melding om at partiklar av organisk materiale skal samlast opp.

Vi har kome fram til at det beste målet for utslepp er tal på spesifikke utslepp. Det talet inneber både krav om utsleppsreduksjon og at utsleppsreduksjonen skal vere mengdeproporsjonal.

Utsleppsreduksjon er i praksis filtrering av utsleppsvatnet og oppsamling av slammet. Her finst fleire løysingar, både av filtertypar og ulike måtar å konsentrere slammet og for oppbevaring, lagring og transport. Store partiklar let seg samle opp på ein enkel måte. Faktorar som kan ha påverknad på oppsamlingseffekten er t.d. lang transport fram til filteret som vil kunne føre til at deler av partiklar av organisk materiale går i oppløysing, kvalitet på fôret og storleik på fisken. Planlegging av reinseanlegget må difor tidleg inn i utforminga av anlegget.

Det er storleiken av det organiske utsleppet som i hovudsak er relevant for vurdering av forureining frå landbasert oppdrett. Kva art som blir produsert er mindre relevant så lenge det ikkje fører til auka utslepp. Dette løyvet set krav om at ein skal halde seg under utsleppsgrensene av næringssalt.

Utsleppstala i søknaden er usikre, og utsleppet av organisk karbon (TOC) til vatn er høgare enn kva Fylkesmannen ser ut frå erfaringane frå andre anlegg. Steinvik Rensefisk skal treffa naudsynte tiltak om det syner seg at utslepp av organisk karbon ikkje vert tilstrekkeleg omsett og nedbrote i resipienten, jf. punkt 12.1.1 i utsleppsløyvet. Overvaking av kva effekt utsleppa av TOC har er spesielt viktig sidan Indre del av Nordgulen allereie syner teikn til organisk belastning.

Påverknad på resipienten

Miljøpåverknaden av utslepp frå oppdrettsanlegg er i første rekke knytt til utslepp av partikulært organisk materiale. Dei standardane vi har for miljøovervaking måler på avtrykket av sedimentert materiale på botnen under og ved anlegga, jf. Norsk Standard NS9410:2016 som gir metode for måling av nedslamming av sjøbotnen under anlegget. For landbaserte anlegg kjem heile utsleppet i eit punkt, og det kan skje ei nedslamming av botnen nær utsleppspunktet. Reinsing av avløpsvatnet fører til at det blir færre partiklar i avløpet, og dei som kjem vil vere mindre og få større spreiing. Landbaserte anlegg har mindre utslepp av partiklar, men større utslepp av næringssalt. Bruk av resirkulasjonsteknologi har fleire føremoner. Vatnet må reinsast før det kan brukast om att i produksjonen. Fokuset på vasskvalitet i kara fører til auka fokus på fôrforbruket, og dermed lågare fôrfaktor.

Utsleppsvatnet kjem til å innehalde oppløyste næringssalt og små partiklar. Storleiken på partiklane avheng av lysopninga i filterduken. Jo mindre partiklane er, jo lenger blir dei ført bort med vasstraumane. Vi har avgrensa erfaring med drift av landbaserte anlegg og kor godt reinseanlegga fungerer. Vi har heller ikkje mykje erfaring med korleis dei lokale miljøpåverknadene vert frå utslepp i så stor skala som det her er søkt om. Vi har lagt til grunn at eit reinsa utslepp frå landbasert produksjon vil ha avgrensa påverknad på sjøbotnen lokalt. Effekten av utslepp av næringssalt må følgjast opp med overvaking av utsleppa og miljøtilstanden i influensområdet. Overvaking skal vere ei vidareføring av forundersøkinga som vart gjort i samband med søknaden. Syner det seg at påverknaden på miljøet blir for stor, vil det vere naudsynt med tiltak. Akseptkriteria vil følgje retningslinene etter vassforskrifta og Miljødirektoratet sin rettleiar nr 2 – 2018.

Utslepp av kjemikal, legemiddel og prioriterte miljøgifter er og regulert av vilkår i løyvet.

Utsleppspunkt for avløpsvatn

Utsleppet skal skje via rør på eit punkt som ligg 120 meter frå land og på 33 meter djupn (figur 2). Breivika V og Breivika Ø skal ha same utsleppspunkt. Produksjonsvatnet i anlegget skal vere samansett av sjøvatn frå Nordgulen og ferskvatn frå Risevatnet. Utsleppsvatnet kjem til å ha lågare eigenvekt enn vatnet på 33 meter djupne. Det vil føre til at utsleppsvatnet vil flyte opp og blande seg med grunnare vatn. Det vil igjen føre til betre spreiing av avløpsvatnet

Krav om dokumentasjon av utslepp og miljøovervaking

Anlegget vil ha utslepp til miljøet, og det er ei uvisse om korleis og kor langt utsleppa vil spreie seg og verke på miljøet. Vi legg likevel til grunn at utsleppa det er søkt om, ikkje ventast å gi irreversibel miljøpåverknad i resipienten på kort sikt.

Verksemda skal dokumentere at reinse- og utsleppsvilkåra vert haldne når anlegget kjem i drift. Vi krev måling/berekning og årleg rapportering av dei faktiske utsleppsmengdene. Krava til dokumentasjon av reinsinga og rapportering av produksjonsdata er spesifisert i punkt 11.5 i løyvet.

Oppdrettar skal årleg rapportere til Fylkesmannen om fôrforbruk, biologisk produksjon, slamproduksjon og resultat av analysar av innhaldet av nitrogen, fosfor og karbon i slammet. Når det vert tilrettelagt for rapportering gjennom Altinn, vil det erstatte rapportering direkte til Fylkesmannen.

Kunnskapen om påverknaden på resipienten er mangelfull, så det er naudsynt med eit risikobasert overvakingsprogram. Det inneber at trongen for overvaking vil auke med aukande utslepp. Eit oppdatert overvakingsprogram skal sendast til Fylkesmannen innan 3 månader før overvakinga i resipienten vert gjennomført jf. punkt 12.1 i utsleppsløyvet.

Det finst ikkje ein norsk standard for overvaking av utslepp til sjø frå landbaserte akvakulturanlegg slik ein har for matfiskanlegg i sjø. Resipientgranskingar for overvaking av punktutslepp i sjø skal følgje krava i Norsk Standard for marin sedimentprøvetaking i NS-ISO 16665 og klassifiseringa av miljøtilstanden skal følgje Miljødirektoratet sin rettleiar 02:2018.

Utslepp av plast

Plast er eit mykje nytta materiale i eit oppdrettsanlegg. Slitasje vil medføre tilførsel av mikroplast til det marine miljøet, og fleire filter består av små plastdelar som kan ende opp i miljøet. All aktivitet og produksjonsutstyr skal risikovurderast med omsyn til utslepp av mikroplast og plastforsøpling. Basert på risikovurderinga skal oppdrettar utarbeide tiltaksplanar og rutinar som skal redusere dette. Oppdrettar må nytte beste tilgjengelege teknikkar for å redusere utsleppa av plast og mikroplast.

Organisk produksjonsavfall

Oppsamla slam og anna organisk avfall skal nyttast på ein berekraftig måte. Verksemda pliktar å dokumentere kor mykje slam dei produserer, kva dette slammet inneheld og korleis det vert handtert vidare.

Steinvik Rensefisk AS planlegg vidare levering av slammet til Grøn Gjødsel i Rakkestad, som er ein del av rammeavtalen Steinvik Rensefisk AS har med Sterner.

Ved eventuelle leverings- og logistikkproblem vil voluma av slam raskt kunne bli store. Lagring av slam kan medføre lukt, som kan vere til sjenanse for omgivnaden. Vi set krav om at det skal utarbeidast ein plan for handtering, lagring og disponering av alt organisk avfall, som til ei kvar tid skal haldast oppdatert , jf. punkt 9.2.2 i utsleppsløyvet.

Støy

Utslepp av støy frå industrianlegg er ofte årsak til at naboar til anlegget klagar til Fylkesmannen. Utslepp av støy er regulert gjennom vilkår 7 i utsleppsløyvet. Omsyn til støy skal vere med i utforming av anlegget. Det er viktig at verksemda nyttar beste tilgjengelege teknologi for å redusere støy.

Anlegga ligg tett på private bustader (<100 meter). Krava til støyavgrensing vert sett i tråd med dagens industristandard og Miljødirektoratet sin rettleiar for støy (*T-1442/2016 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*). Dette er også i samsvar med støykravet for nyetablerte

verksemder sett i Bremanger kommune sine reguleringsføresegner for området (plan id: 1438.2016.02).

Konklusjon

Det er søkt om endring av utsleppsløyve til å også gjelde produksjon for 5 000 000 berggylt på lokaliteten Breivika Ø. Sidan utsleppsleidningen skal delast med Breivika V nyttar vi høvet til å slå saman utsleppsløyva for dei to lokalitetane.

Vi har vurdert at føremonene med landbasert produksjon inneber at utsleppet av partikulært organisk materiale blir sterkt redusert i høve til produksjon av same mengd fisk i merdbasert oppdrett i sjø. Men det vil framleis vere store utslepp av næringssalt og organisk materiale til indre del av Nordgulen.

Fylkesmannen gjev løyve til forureining i tråd med søknaden frå Steinvik Rensefisk AS. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16 og erstattar tidlegare løyve.

Det er sett krav om utsleppsreduserande tiltak. Verksemda må halde seg under grenseverdiar i utsleppsløyvet, og skal dokumentere utsleppsreduksjonen. Det skal utarbeidast ein detaljert plan for handtering av organisk avfall, og ein overvakingsplan for påverknaden av utsleppa på resipienten.

Fristar

Oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak det er stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Jf. vilkår i løyvet
Årleg rapportering av utslepp	Innan 1. mars kvart år	11.5
Plan for miljøovervaking	3 mnd før gjennomføring	12.1
Resipientgranskingar	Første gong innan eit år deretter kvart 4. år	12.1.1
Strandsonegransking	Årleg	12.1.2

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39.

I samsvar med gebyrvarselet frå 10.08.2020 vedtek vi gebyrsats 5 for arbeidet med denne søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 66.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet fritek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av partane i saka med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betyding for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
1 Utsleppsløyve - Steinvik Rensefisk AS - Breivika V og Breivika Ø - Bremanger

Mottakarliste:

Steinvik Rensefisk AS	c/o Steinvik Fiskefarm AS	6940	EIKEFJORD
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN

Fylkesmannen i Vestland

Løyve etter forureiningslova for landbasert akvakulturproduksjon på lokalitetane Breivika V og Breivika Ø – Steinvik Rensefisk AS

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknaden og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 16.

Dette løyvet erstattar eldre utsleppsløyve på lokalitetane datert 21.06.2007 for Breivika V og 14.07.2017 for Breivika Ø.

Dersom verksemda ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand søkje om endring av løyvet.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitetar[1]	**27936 Breivika V – 13499 Breivika Ø**	
Produksjonskapasitet	Inntil 550 tonn/år landbasert produksjon av fisk	
Kommune og fylke	Bremanger i Vestland	
Gards- og bruksnr.	38/362, 38/214, 38/415	
Verksemd	Steinvik Rensefisk AS	
Postadresse	Strandvegen 22, 6723 Svelgen	
Org. nummer	995 725 134 (føretaksnr.)	995 780 011 (bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer			Anleggsnummer	Arkivkode
2020.1028.T			4648.0070.02, 4648.0047.02	19/23111 – 542.1
Kartreferanse (WGS 84)			Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
Breivika V	61° 45,807’ N	05° 15,952’ Ø	0282010400-C Nordgulen	Nordfjord
Breivika Ø	61° 45,780’ N	05° 16,145’ Ø		
Utsleppspkt.	61° 45.8519’ N	05° 16.1339’ Ø		

Løyve gjeve fyrste gong: 23.11.2020	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Sissel Storebø seksjonsleiar	Einar Nesse Johnsen rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift

[1] Jf. Akvakulturregisteret, https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret

Innhaldsliste

Endringslogg **3**

Føresetnader **3**

1 Rammevilkår **4**

2 Generelle vilkår **4**

2.1 Utsleppsavgrensingar 4
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 4
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt 4
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald 5
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 5
2.7 Internkontroll 5

3 Utslepp til vatn **5**

3.1 Utsleppsavgrensingar 5
3.1.1 Utslepp frå punktkjelder 5
3.1.2 Diffuse utslepp 6
3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak 6
3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp 6
3.3 Kjølevatn 6
3.4 Sanitæravløpsvatn 6
3.5 Mudring 6

4 Utslepp til luft **7**

4.1 Lukt 7
4.1.1 Luktavgrensing 7
4.1.2 Luktrisikovurdering 7
4.1.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan 7
4.1.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klage 7

5 Grunnforureining og forureina sediment **7**

6 Kjemikal **8**

7 Støy **8**

8 Energi **9**

8.1 Energileiing 9
8.2 Utnytting av overskotsenergi 9
8.3 Spesifikt energiforbruk 9

9 Avfall **10**

9.1 Generelle krav 10
9.2 Handtering av avfall 10
9.2.1 Generelle krav til handtering 10
9.2.2 Organisk produksjonsavfall 11
9.3 Marin forsøpling og mikroplast 11

10 Deponi for eige avfall **11**

11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen **11**

11.1 Kartlegging av utslepp 11

11.2 Utsleppskontroll 11
11.3 Kvalitetssikring 12
11.4 Program for utsleppskontroll 12
11.5 Rapportering til Fylkesmannen 13
12 Miljøovervaking 13
12.1 Overvaking i resipienten 13
12.1.1 Granskingar i vassøyla og på sjøbotn 13
12.1.2 Strandsonegransking 14
12.2 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø 14
13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining 14
13.1 Miljørisikoanalyse 14
13.2 Førebyggjande tiltak 14
13.3 Beredskapsanalyse 15
13.4 Beredskapsplan 15
13.5 Beredskapsetablering 15
13.6 Øving av beredskap 15
13.7 Varsling av akutt forureining 15
14 Granskingar og utgreiingar 15
15 Eigarskifte, omdanning m.m. 16
16 Nedlegging 16
17 Tilsyn 16
VEDLEGG 1 Liste over prioriterte miljøgifter 17

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av 550 tonn årleg biomasse av oppdrettsfisk i landbaserte anlegg i Breivika i Bremanger kommune.

Løyvet gjeld for dei utsleppsmengdene for utslepp til vatn som er gitt i vilkår 3 og føreset at det skal vere utsleppsreduserande tiltak i produksjonen. Utsleppsmengdene i dette løyvet er i samsvar med berekningane gitt i søknaden.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 14. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 16.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ verknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt. 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom verksemda ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet, må de søkje om løyve til dette. Der utsleppspunkt ikkje er fastlagde i vilkåra til løyvet tidlegare, må verksemda avklare med Fylkesmannen om ønskt endring av utsleppspunkt krev løyve og eventuelt også spreiingsberekningar.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.7.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si i samsvar med gjeldande forskrift[2]. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensingar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Samla årlege utslepp av reinsa avløpsvatn til sjø frå akvakulturproduksjonen ved full utnytting av produksjonsramma skal vere under følgjande utsleppsgrenser:

Tabell 3-1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	**Utsleppsgrenser**			**Gjeld frå**
	Korttidsgrense* Midlingstid: 1 døgn	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	Ikkje grense	19,8 tonn/år	36,0 kg/tonn fisk	23.11.2020
Total fosfor (tot-P)	Ikkje grense	4,0 tonn/år	7,2 kg/tonn fisk	23.11.2020
Total organisk karbon (TOC)	Ikkje grense	73,0 tonn/år	132,8 kg/tonn fisk	23.11.2020

* Utslepp per dag, ** Utslepp per tonn produsert biomasse

Mengd avløpsvatn som vert sleppt til sjø skal målast/bereknast, jf. punkt 11.2.

2 Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127

Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av kjemikal og legemiddel m.m. frå produksjonen. Utsleppa vil kunne innehalde låge konsentrasjonar av mellom anna kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE frå fôrspill og fekaliar. Desse utsleppa er tillatne, men skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkåra i punkt 2.3 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Fylkesmannen kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

3.1.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå produksjonsanlegg eller uteareal, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

3.1.3 Utsleppsreduserande tiltak

Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Reinseprosessar og -innretningar skal samla sett gje utsleppsreduksjon som sikrar at utsleppsgrensene i tabell 3-1 over vert haldne.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining.

3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp

Avløpsvatnet skal førast ut i Nordgulen via utsleppsleidning på 33 meter djupn i samsvar med søknad. Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblandinga i vassmassane vert best mogleg.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i kommunen sitt sjøområde, krev løyve frå kommunen, jf. havne- og farvasslova[3].

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4 Sanitæravløpsvatn

Kommunen er myndigheit for regulering av sanitæravløpsvatn frå verksemda.

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av verksemda sin aktivitet viser seg nødvendig med mudring, skal det søkjast om eige løyve til dette frå Fylkesmannen.

[3] Jf. lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven) av 17.04.2009 nr 19, § 27.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

4.1.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadane vert avgrensa mest mogleg.

Frekvensen av plagsam lukt ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.1.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i *Miljødirektoratets veileder TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*[4]. Ved endringar skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.1.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile anlegget. Verksemda skal ha oversikt over kjelder til lukt og vurdere behov for tiltak og eventuelt effekt av gjennomførte tiltak. Rettleiing og tips som kan nyttast som styringsparametrar m.m. i ein driftsplan, finst i vedlegg 4 til Miljødirektoratet sin luktveileder. Ved endringar i drifta skal driftsplanen oppdaterast.

4.1.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klage

Verksemda skal ha ein plan for handtering av lukthendingar og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet sin luktveileder.

Verksemda skal informere Fylkesmannen og naboar når det vert planlagt aktivitet som kan føre til mellombels auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan føre til auka luktplager.

Verksemda skal ha eit system for registrering av innkommande luktklager som skal knyttast til stad og tid. Klagen skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar, og han skal rapporterast til Fylkesmannen i samsvar med punkt 11.5.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Alle aktivitetar skal vere innretta slik at det ikkje finn stad utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak for å hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknader av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp og avgrense miljøverknader av slike

[4] Lenke til Miljødirektoratet sin luktveileder:
https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klif2/publikasjoner/3019/ta3019.pdf

utslepp skal overvakast og vedlikehaldas regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område på land, og eventuell forureina sediment i sjøområda utanfor. Dette omfattar også å ha oversikt over faren for spreiing, og vurdere behov for undersøkingar eller tiltak. Dersom det er grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak er nødvendig, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjent tiltaksplan etter kapittel 2 i forureiningsforskrifta[5], og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller kapittel 22 i forureiningsforskrifta[6].

6 Kjemikal

Vilkåra i dette punktet gjeld når verksemda nyttar kjemiske stoff og stoffblandingar, både som del av produksjonen og som hjelpestoff. Dette kan til dømes vere desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel, osb.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøeigenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system som dokumenterer dykkar vurderingar og konklusjonar av om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon)[7]. Det skal gjerast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytt til bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Verksemda pliktar å vurdere om den kan nytte førebyggjande alternative metodar som ikkje krev vurdering av veterinær eller fiskehelsebiolog for å redusere utslepp av legemiddel.

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, pliktar ikkje verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyrring.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast eller brukast utan at dei er i tråd med krava i REACH-regelverket[8] og anna regelverk som gjeld for kjemikal.

7 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser,

[5] Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften) av 01.06.2004, nr 931, kapittel 2 om opprydding i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

[6] Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften) av 01.06.2004, nr 931, kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

[7] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) av 11.06.1976 nr. 79, § 3a om substitusjonsplikt

[8] Jf. forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr 516

berekna som innfallande lydtrykknivå[9] ved mest støyutsette fasade:

Måndag - fredag	Kveld Måndag - fredag	Laurdag	Sun-/heilagdagar	Natt	Natt
55 dB L_{den}	50 dB $L_{evening}$	50 dB L_{den}	50 dB L_{den}	45 dB L_{night}	60 dB L_{AFmax}

L_{den} angir A-vegd gjennomsnittsnivå for døgn (dag-kveld-natt / day-evening-night) med straffetillegg på 5 dB på kveld og 10 dB på natt.
$L_{evening}$ er A-vegd ekvivalentnivå for kveldsperioden kl. 19-23.
L_{night} er A-vegd ekvivalentnivå for 8-timarsperioden frå kl. 23- 07.
L_{AFmax}, som er gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygge- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemda, er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene vil ikkje gjelde for bygningar av typane nemnt over, som vert etablert etter at støygrensene vart vedtekne.

8 Energi

8.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. vilkår 2.7. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan eitt år etter oppstart.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye prosessar internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk for produksjonen, uttrykt som kWh/tonn produsert, skal reknast ut og rapporterast årleg, jf. punkt 11.5.

[9] Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt etter desibel-skalaen (dB) med nemningane "den", "evening" "night" og "AFmax". Nemningane er nærare definert i T-1442/2016 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at drifta fører til at det blir danna avfall. For materiale som vert utnytta som biprodukt, skal det finnast skriftleg dokumentasjon som viser at kriteria i forureiningslova § 27 andre ledd[10] er oppfylt.

Verksemda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemda skal primært brukast om att, anten i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg eller medfører urimelege kostnader, skal avfallet fortrinnsvis materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er mogleg gjenvinnast på annan måte.

Verksemda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova[11].

Farleg avfall kan ikkje fortynnast for å bli rekna som ordinært avfall. Ulike typar av farleg avfall kan ikkje blandast, dersom det kan medføre fare for forureining eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gjev ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje medfører avrenning til grunn eller overflatevatn. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld følgjande:

a. All handtering av avfall skal vere basert på risikovurdering, jf. punkt 2.7 om internkontroll og punkt 13 om beredskap.
b. Verksemda skal ha kart som viser kvar ulike typar avfall er lagra.
c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkomande ikkje får tilgjenge. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merkt, slik at det er tydeleg kva som er lagra.
d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at det vert danna farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
e. Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke[12], med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan aksepterast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gjev minst like låg risiko og like godt vern av miljøet.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

---

[10] Jf. lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6, § 27 om definisjon av avfall

[11] Sjå mellom anna forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004 nr. 930 og forskrift om begrensning av forurensning (forurensingsforskriften) av 01.06.2004, nr 931, kapittel 18 om tanklagring av farlige kjemikal og avfall

[12] Tett dekke tyder eit fast, slitesterkt dekke som er ugjennomtrengeleg for dei aktuelle materialane/avfallstypane.

9.2.2 Organisk produksjonsavfall

Oppsamla organisk produksjonsavfall som ikkje inneheld antibiotika skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk[13] på dette området. Eventuelt antibiotikahaldig organisk produksjonsavfall skal lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

Organisk produksjonsavfall som slam, død fisk, fôrrestar, m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. driftsstans på utstyr, sjukdom eller anna.

Verksemda skal utarbeide ein plan for tiltak, inkludert alternativ disponering av slam, ved både planlagt og ikkje planlagt driftsstans i slambehandlinga. Planen skal vere klar ved oppstart av drifta, og skal til ei kvar tid haldast oppdatert.

9.3 Marin forsøpling og mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld også all slitasje på plastbasert produksjonsutstyr.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal kartleggje alle utslepp til luft og vatn på ein systematisk måte. Dette gjeld både punktutslepp og diffuse utslepp, og uavhengig av om det er sett utsleppsgrenser for utsleppa eller ikkje. Kartlegginga skal leggjast til grunn for programmet for utsleppskontroll i punkt 11.4.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere sine utslepp, gjennom målingar og/eller berekningar. I dette inngår målingar av volum/mengde, prøvetaking, analysar og berekningar.

Målingar og utrekningar skal vere representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i løyvet, jf. tabell 3-1 under punkt 3
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsett i forskrifter
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig betydning og difor er omfatta av rapporteringsplikt[14]

Verksemda skal årleg gjere ei fagleg grunngitt vurdering av sine utslepp til vatn og rapportere dette i tråd med punkt 11.5. Utrekningar av årlege utslepp regulert i tabell 3-1 skal vere baserte på fôrforbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam. Det skal gjerast målingar eller berekningar av mengdene av avløpsvatn og produsert slam, og analyser av innhaldet av nitrogen

[13] Jf. forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum (animaliebiproduktforskriften) av14. september 2016 nr.1064, og forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4. juli 2003 nr. 951, og anna relevant regelverk.

[14] jf. Miljødirektoratet sin rettleiar til eigenrapportering frå verksemder. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

(tot-N), fosfor (tot-P), kjemisk oksygenforbruk (KOF) og organisk stoff (TOC) i slammet, jf. vilkåra under punkt 3.

For utslepp til luft og støy må målingar eller berekningar gjennomførast ved behov eller etter særskilt krav frå Fylkesmannen.

11.3 Kvalitetssikring

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gjev representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volum/mengdemåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulert gjennom presise grenseverdiar, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gjev representative prøver.
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing om verksemda sine faktiske utslepp til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppsstraumar til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvens for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunngiving for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse
- dersom det er aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- ei utgreiing om kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gjev

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Fylkesmannen

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Fylkesmannen. Miljødata omfattar blant anna produksjonsmengder, fôrforbruk, slammengder, resultat av analysar av innhaldet av fosfor, nitrogen og karbon i slammet og andre resultat frå utsleppskontrollen, oppnådd reinsegrad, avfallsmengder og energiforbruk. Rapporteringa skal så langt som mogleg skje i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing til verksemdene si eigenrapportering, sjå www.miljødirektoratet.no.

For utslepp av stoff der utsleppsavgrensingar ikkje er fastsett med presise grenseverdiar i punkt 3.1, vil Fylkesmannen ved gjennomgang av eigenkontrollrapportane vurdere behovet for å fastsette meir presise, og eventuelt strengare, grenser.

Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporten sende Fylkesmannen ein rapport om tal på luktklagar og tal på lukthendingar ved verksemda det siste året. Det skal gjerast greie for årsaka til dei enkelte lukthendingane og/eller luktklagene, og eventuelle tiltak som er gjennomført for å avgrense eller stanse utsleppet.

Verksemda skal årleg rapportere eit avfallsrekneskap som syner ei oversikt over alt avfall som er danna ved anlegget, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking i resipienten

Verksemda skal sørgje for overvaking av moglege miljøeffektar i resipienten av sin aktivitet og korleis utslepp frå verksemda i dag og tidlegare utslepp påverkar tilstanden (økologisk og kjemisk) i vassførekomsten.

Overvakinga skal som eit minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Den må også ta omsyn til føringar frå vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking[15].

Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga. Verksemda må sjølv setje i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Eit overvakingsprogram med plan for granskingane som verksemda planlegg å gjere, skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering seinast 3 månader før overvakinga skal gjennomførast. Overvakingsprogrammet skal sendast inn for ny vurdering ved eventuelle endringar i programmet.

Overvakinga skal gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i samsvar med overvakingsprogrammet.

12.1.1 Granskingar i vassøyla og på sjøbotn

Verksemda skal sørgje for at trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla og i sedimenta på sjøbotn i resipienten blir gjennomførte. Granskingane skal gjennomførast av uavhengige,

[15] https://www.vannportalen.no/veiledere/

akkrediterte organ som er akkreditert for følgjande metodar[16]: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Overvakinga skal skje på faste overvakingspunkt og skal som eit minimum inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink, vasskjemi (tot-N, tot-P) og klorofyll.

Resipientgranskingane som omtalt over skal gjerast første gong innan eitt år og deretter kvart 4. år.

12.1.2 Strandsonegransking

Verksemda skal sørgje for at det årleg blir gjennomført ei enkel synfaring av utsett strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. All miljøpåverknad som kan tilskrivast verksemda skal dokumenterast med tekst og bilete.

12.2 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø

Resultat av miljøovervakinga som vert gjennomført skal sendast fortløpande til Fylkesmannen. Rapportane skal innehalde resultat og ei fagleg vurdering av resultat.

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12, skal også fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø[17]. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finn ein og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

[16] Jf. https://www.akkreditert.no

[17] Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

a. organisering av beredskapen
b. nødvendig beredskapsutstyr
c. nødvendig mannskap
d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

13.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemdas internkontrolldokumentasjon. Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario. Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med til gjeldande forskrift[18]. Verksemda skal også så snart som mogleg underrette Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

14 Granskingar og utgreiingar

Det er ikkje sett krav om andre granskingar eller utgreiingar enn det som kjem fram i vilkåra sine punkt 3-13.

[18] Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

15 Eigarskifte, omdanning m.m.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Dersom eit anlegg vert nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand melde frå til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Sikring/garanti som allereie er stilt i samsvar med løyvet løper vidare inntil Fylkesmannen etter søknad frå det driftsansvarlege selskapet eller eigar godkjenner reduksjon og/eller bortfall av slik sikring.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, inkludert at farleg avfall vert handtert i samsvar med gjeldande forskrift[19]. Dei tiltaka som vert sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også dokumentere korleis kjemikalierestar og ubrukte kjemikal har vorte disponerte. Han skal også innehalde namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden igjen vert sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

[19] Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

VEDLEGG 1 Liste over prioriterte miljøgifter

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3-14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	**Vanlege forkortingar**
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2.2`,6,6`-tetrabromo-4,4`isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar	
Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksinar og furanar	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C_{10} - C_{13} (kloralkanar C_{10} - C_{13})	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C_{14} - C_{17} (kloralkanar C_{14} - C_{17})	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Triklosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar
Muskxylen

Alkylfenolar og alkylfenoletoksylat	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl

4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)	
Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon	PAH

Ftalat	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A	BPA

Siloksan	
Dodekamethylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350